

Søknad om pilot for utvikling av 8 - 13 skule i Høyanger kommune

Skuleeigarar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Høyanger kommune

Skular:

Høyanger vidaregåande skule og Høyanger skule

Kontaktpersonar:

Torill Thorbjørnsen, rektor Høyanger vidaregåande skule

Tlf. 57 63 77 78 mobil 415 30 762 e-post: torill.thorbjornsen@sfj.no

Hanne Hjelmeland Ørnehaug, inspektør Høyanger skule

Tlf. 57 71 00 03 mobil 926 09 730 e-post: hanne.ornehaug@hoyanger.kommune.no

Solveig Berstad Sande, spesialrådgjevar ved oppvekstkontoret

Tlf. 57 71 15 69 mobil 992 32 017 e-post: solveig.sande@hoyanger.kommune.no

Namn på prosjektet:

Pilot for 8-13 skule i Høyanger kommune

Forsøksperiode: 4 år, med moglegheit for å utvide med to år. Oppstart skuleåret 2016-2017.

1. Bakgrunn

Ved innføringa av Kunnskapsløftet i 2006 har interessa for kombinerte 8-13 skular vore aukande i Noreg. Fleire kommunar har utgreidd modellar for utvida samarbeid, men det er ingen skular utanfor Oslo kommune som pr. i dag kan seiast å drive fullskala 8-13 skule. Med fullskala meiner vi her felles leiling, undervisning på alle trinn og system for evaluering. Bakgrunnen for etableringa av slike kombinerte skular har først og fremst vore for å hindre fråfall i vidaregåande opplæring. 8-13 skulane skal sikre betre overgang mellom ungdomstrinnet og vidaregåande skule gjennom blant anna ei gjennomgåande rådgjevingsteneste, betre PPT-samarbeid, yrkesretting og fagleg samarbeid i fellesfaga. Organiseringa med 8-13 vil også gjere det enklare for elevar å ta fag frå Vg1 på vidaregåande medan dei er elevar på ungdomskulen.

NOU 2015: 8, *Fremtidens skole*, kastar lys på kva kompetansar elevane treng å utvikle og på fornying av faga som ivaretek breidda i kompetanseomgrepet. Utvalet tilrår fire kompetanseområde som grunnlag for fornying av innhaldet i skulen:

- fagspesifikk kompetanse
- kompetanse i å lære
- kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta
- kompetanse i å utforske og skape

Dette samfunnsoppdraget vert lettare å realisere ved eit tett samarbeid mellom grunnskule, vidaregåande skule og vaksenopplæring.

Høyanger kommune og Høyanger vidaregåande skule har sidan 2013 hatt eit forpliktande samarbeid om eit samanhengande opplæringsløp frå 1. til 13. klasse (sjå vedlegg Prosjekt 1-13). Samarbeidet er formalisert gjennom skriftlege avtalar som mellom anna omfattar felles kompetanseheving, lærarsamarbeid og utleige av undervisningsareal. Målet har vore å auke og sikre kvalitet i heile grunnopplæringa, samt å sjå på moglegheiter for økonomisk innsparing. Samarbeidsprosjektet er vedtatt i Hovudutval for opplæring 30.10.2013, og i kommunestyret i Høyanger i kommunestyresak 035/13.

Høyanger kommune tek no initiativ til å søke om pilotprosjekt for å spisse samarbeidet endå meir med tettare samarbeid frå 8. - 13. med ein felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring. Arbeidsgjevaransvaret vert lagt til Høyanger kommune.

Prosjektet medfører organisatorisk endring for tettare samarbeid mellom kommune og fylkeskommune. I *Lov om forsøk i offentlig forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87* (forsøkslova) gir ein høve til forsøksverksemd i forvaltninga. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61* (opplæringslova) har ein eigen heimel til forsøk i § 1-4. Denne heimelen til forsøk kan nyttast til tidsavgrensa pedagogiske/organisatoriske forsøk om opplæringslova sine reglar. Dette forsøket har karakter av å vere eit meir overordna organisatorisk forsøk, så i følgje Rundskriv H-26/05 om «Forsøk i kommunar og fylkeskommunar» skal forsøkslova nyttast som heimel.

I dette forsøket vil ein søke om midlertidig overføring av ansvaret frå fylkeskommunen til Høyanger kommune, med vekt på å finne gode modellar for den praktiske gjennomføringa. Kunnskapsdepartementet må kunne fastsette reglar for gjennomføring av ordninga, m.a. korleis ein skal handtere formelle forhold knytt til dei tilsette sine rettar.

2. Mål

Formålet med forsøket er å utarbeide ein pilot for ei praktisk gjennomføring av ei gjennomgåande opplæring frå 8.-13. trinn. Piloten skal i vareta rettane til dei tilsette, elevane og føresette.

Målet med forsøket er tredelt;

- Utarbeide pilot for samarbeid på 8.-13. trinn ved overføring av arbeidsgjevaransvar
- Evaluere kvalitet på målbare resultat
- Synleggjere økonomisk innsparing – målsetjing om ca. 10% av driftsutgiftene over ein 4-årsperiode

Forsøket med ei 8-13 modell i Høyanger er både tidsavgrensa og kategorisert som organisatorisk forsøk. Høyanger kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune må finne ei omforent løysing på korleis forsøket skal gjennomførast i praksis. Rettigheter knytt til tilsette, elevane og føresette må ivaretakast. Det må også gjerast ei juridisk vurdering av konsekvensane rundt ei midlertidig overtaking av arbeidsgjevaransvaret for den vidaregåande opplæringa.

Piloten skal i tillegg kvalitative mål ha som mål å sjå på økonomisk innsparing ved innføringa av ein slik modell. Dette utgreiingsarbeidet skal gjerast i løpet av prosjektperioden, men det bør vere ei målsetjing at ein kan kutte 10% av driftskostnadene over ein 4-årsperiode. Organisasjonen må «settast» før piloten blir sett i verk, og eventuelle omplasseringar av tilsette må drøftast. Alle tilsette har eit ubetinga krav på vidareføring av sitt tilsetjingsforhold.

I det vidare arbeidet vil vi rette fokus mot fagleg samarbeid og læringsmiljøet; klasseleiing og relasjonsbygging. I tillegg vil vi jobbe med grunnleggande ferdigheiter for å styrke lærarane sin kompetanse i den ordinære undervisninga.

Det er vidare eit mål for Høyanger kommune å arbeide aktivt for å vidareføre det samanhengande opplæringsløpet i Høyanger kommune. Den vidaregåande skulen i tettstaden er ein viktig aktør i lokalsamfunnet. Fokus på yrkesfaga vil styrke gjennomføringa av vgs og vere eit viktig verktøy for at fleire kan få arbeidsplass og delta i verdiskaping og tenesteproduksjon i samfunnet .

Vaksenopplæringa er sam-lokalisert med HVGS. Dette gjev oss unike rammevilkår for samordning av språkopplæring og yrkesopplæring, og læreplassar er ei prioritert oppgåve for kommunale avtaler med lokale verksemdar.

Piloten har også som mål å gjere Høyangerskulen 8-13 til ein unik praksisarena for lærarstudentar på masterutdanninga 8-13. Forseringssskule er også eit nytt tiltak i vårt fylke - ingen har fått det til i Sogn og Fjordane tidlegare.

3. Organisering

Ein må vurdere kva slags organisasjonskart / modell ein skal gå for i prosjektet. Vi har to modellar som må utgreiast;

Modell 1: 1-7 Eigen organisasjon med eige personale, eigen rektor, eiga leiing.
8-13 Eigen organisasjon med eigen rektor, samt 1 ass.rektor (8-10 og 11-13), og avd.leiar/ inspektør og rådgjevarar. Lærar jobbar på tvers av 8-13

Modell 2: 1-13 skule med rektor + med to «ass»-/ einings.-rektorar som jobbar einingsvis på 1.-7. og 8.-13. (+inspektør, rådgjevar + + innanfor einingane 1-7 og 8-13).

4. Framdriftsplan

- Kommunestyret og fylkestinget vedtek vedtekter for forsøket etter alminnelege reglane for sakshandsaming i kommunelova
- Ved utarbeiding av vedtekter for forsøket gjeld forvaltningslova § 37, jf. forsøkslova § 5 første ledd. Dette tyder at tilsette og andre som forsøket får konsekvensar for, skal ha høve til å uttale seg om forsøket før vedtak blir gjort i kommunestyre/fylkesting.
- Vedtektene skal godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Lokale avtalar om økonomisk fordeling, organisasjonsplan og planar for praktisk gjennomføring skal utarbeidast etter at vedtektene er vedtekne. Drøfting med tillitsvalt-apparatet undervegs
- Utarbeide plan for evaluering/rapportering

5. Konsekvensanalyse pilot 8-13

I samband med utgreiing av ny samarbeidsmodell i Hordaland kommune, fekk Hordaland utført ei juridisk vurdering knytt til arbeidsrettslege spørsmål ved ei ev. overføring av drifta av dei vidaregåande skulane i Bergen frå Hordaland fylkeskommune til Bergen kommune ([rapport 8-13 samarbeid i Arna](#)). Ut frå dette notatet har Høyanger kommune forsøkt å synleggjere aktuelle problemstilling og ev. løysingar for vår modell.

5.1 Konsekvensar for elevane

Rettane til elevane skal ivaretakast jf. Oppl.lova.

Målet for prosjektet er å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring, og forsøket skal evaluerast, samt at skulen skal rapportere på målbare resultat årleg i forsøksperioden.

5.2 Konsekvensar for tilsette

I Høyanger 8-13 vil dei tilsette ved Høyanger vgs ev. kunne ta med seg sine lønns- og arbeidsvilkår, samt pensjonsrettar. Det skal utarbeidast lokale avtalar, etter drøftingar, kring t.d. planfesta arbeidstid

Høyanger kommune kjøper tenester frå Sogn og Fjordane fylkeskommune som dekker alle personalressursar nødvendige for å vidareføre drifta av den vidaregåande skulen i kommunen. Alle tilsetjingsforhold vil då bestå i fylkeskommunen og opptening av ansiennitet og øvrige rettigheter vil skje i noverande tilsetjingsforhold.

Det vil likevel vere mange utfordringar også med omsyn til styringsrett, resultatansvar for fylkeskommunens tenester m.v. Det må lagast avtalar og oversyn over økonomiske overføringar.

I innsparingspotensialet må begge einingane, Fylkeskommunen og kommunen, foreta endringar i personalkabalen. Det må påreknast at det vert overtal av tilsette i begge forvaltningsorgana, og her vil det vere ulike innsparingspotensiale. (merkantile tenester, administrativt personale, pedagogisk assistent, vaktmeistertenester, reinhald m.m.). Alle stillingane må vurderast før ein tek piloten i bruk. I lokal avtale om økonomisk fordeling vil også avtale om refusjonsordningar og innsparingspotensiale/synergieffektar synleggjerast.

5.3 Konsekvensar for bygningsmasse

Bygningsmassen ligg tett og er sam-lokalisert med sentralidrettsanlegg og symjehall. Samarbeidsordningar og logistikk lar seg enkelt ordne. Samkøying av vaktmeisterordningar i samarbeid med idrettshall og symjehall må utgreiast.

5.4 Konsekvensar/problemstillingar knytt til felles LMS

Skulen må dokumentere utvikling i læringsarbeidet - vurdere alternative løysingar for felles løysing gjennom eksisterande skuleadministrativt system.